



## Saksframlegg

| Utval                 | Møtedato   | Utvalsak |
|-----------------------|------------|----------|
| Plan- og miljøutvalet | 13.05.2026 | 65/26    |

### Namnesak - grendenamnet Haddland og vegnamna Ævongsli, Ævongsmyri og Vesthaddin

#### Vedlegg

- 1 Vedtak i namnesak 2025-181 – Ævongsmyri mfl. i Vinje kommune.PDF
- 2 Namneliste i namnesak 2025-181 – Ævongsmyri og Ævongsli i Vinje kommune.PDF
- 3 Vinje kommune – namnesak for nokre stadnamn i Rauland – tilråding.PDF

#### Dokument i saka

#### Bakgrunn

Vinje kommune skal vedta namn på grend og tre vegnamn/adressenamn i Rauland. Merk at i dette saksframlegget vil skrivemåtane Språkrådet har tilrådd, og former som fylgjer av Kartverket sitt vedtak, bli bruka.

Saka gjeld grendenamnet *Haddland*, dei nye veg/adressenamna *Ævongsli* og *Vesthaddin*, og i tillegg må det eksisterande veg/adressenamnet *Ævongsmyri* endrast til *Ævongsmyri* etter Kartverket si vedtekne skrivemåte på naturnamnet.

#### Namnesak 2025-181

Statens kartverk oppretta 15. september 2025 namnesak på fleire namn i Rauland i Vinje kommune. Dette kom etter at kommunen hadde sendt Språkrådet framlegg til nokre nye vegnamn på Haddland for vurdering om skrivemåte. Desse vegnamna var *Ævongsli* og *Vesthaddin*. Sidan nokre av desse vegnamna var basert på naturnamn og hadde tilknytning til andre stadnamn med like namnedelar tilrådde Språkrådet at Kartverket oppretta namnesak på nokre av desse, slik at ein sikrar ein sameint skrivemåte som fylgjer prinsippa i stadnamnlova.

Kartverket opprettar namnesaker og gjer vedtak om skrivemåten av dei fleste stadnamn og naturnamn. Kommunen legg namnesaka på høyring og samlar inn innspel frå lokale, som sidan vert sendt til Språkrådet for vurdering av skrivemåte. Språkrådet gjer si vurdering og sender tilråding til Kartverket. Etter at Kartverket har gjort vedtak om eit stadnamn skal kommunen

gjera vedtak om eventuelle avleidde namn, som til dømes vegnamn/adressenamn. Desse er det kommunen som gjer vedtak om, men dersom dei er avleidde frå andre stadnamn/naturnamn er det krav om at dei må fylgje den vedtekne skrivemåten til primærnamnet. I saker som gjeld namn på grend, er det kommunen som skal gjera vedtaket. Kommunen må då framleis fylgje prinsippa i stadnamnlova, og Kartverket har høve til å klage på vedtak kommunen gjer om skrivemåte dersom dette ikkje blir fylgt.

Kartverket har 9. mars 2026 vedteke to av namna i namnesaka:

- namn på myr – *Ævongsmyri*
- namn på bruk 3 på garden Gardsjord, gnr. 137 – *Ævongsli*

Jf. stadnamnlova § 7 fyrste ledd er det kommunen som er vedtaksmynde på grendenamnet og veg/adressenamna:

*Kommunen vel namn på og vedtek skrivemåten på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, kommunale anlegg o.l. og vedtek skrivemåten av offisielle adresser.*


Kommunen vedtek skrivemåten av vegnamna, men dersom desse er i strid med eit primærnamn som vegnamna er avleia frå, må ein heller velje eit nytt namn som ikkje har noko med primærnamnet å gjera. I grendenamnet står kommunen litt friare til å vurdere skrivemåte, då grendenamnet i dette tilfellet er primærnamnet som dei andre namna er avleia frå. Kartverket må derfor forhalde seg til skrivemåten kommunen vedtek, og avventar å gjera vedtak om naturnamnet *Haddlandshylen* til kommunen sitt vedtak er kunngjort.

#### Vegnamnet *Ævongsli*

*Ævongsli* er eit framlegg til nytt vegnamn på Haddland, og det har same førelekk som *Ævongsmyri*, som er namnet på ei nærliggjande myr. Kommunen har frå før vegnamnet *Ævongsmyri*, som og er knytt til dette myrnamnet. Når det er usikkerheit rundt kva som er rett skrivemåte, og det er forskjellige former i bruk, er det vanleg å opprette namnesak for å få avklara dette. Stadnamn som deler namneformer skal ha lik skrivemåte etter stadnamnlova § 4 tredje ledd:

*Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta. Dette gjeld ikkje i dei tilfella der det opphavlege namnet på namneobjektet er eit bruksnamn med ein skrivemåte som er fastsett av grunneigaren.*


Som fylgje av kartverket sitt vedtak på namn på myr og bruk – *Ævongsmyri* og *Ævongsli* – må det nye vegnamnet *Ævongsli* fylgje denne skrivemåten. Eksisterande vegnamn *Ævongsmyri* må endrast til *Ævongsmyri*.



Figur 1. Kartverket har gjort vedtak om Ævongsmyri og Ævongsli (raude sirklar). Kommunen skal gjera vedtak om vegnamn på vegane markert med blått og grønt. Eksisterande vegnamn Ævongsmyri (markert med grøn strek) må endrast til Ævongsmyri.

### Vegnamnet Vesthaddin

*Vesthaddin* er eit nylaga namn for eit regulert hyttefelt som ikkje er bygd ut enno, og det har ikkje opphav i eit namn på staden. Det har likevel samband med fleire namn med lekken *Hadd-*, og det vart derfor reist namnesak på fleire av desse namna og.



Figur 2. Kommunen skal gjera vedtak om namn på grend, Haddland (blå sirkel), og vegnamn Vesthaddin på ein regulert veg (markert i rosa) som ikkje er bygd enno.


### Grendenamnet Haddland

Namn på grend, *Haddland*, vart del av namnesaka på grunn av framlegg til vegnamnet *Vesthaddin*, som det deler *hadd*-lekken med. Skrivemåten skal og fylgjast opp i avleidde namn, som *Haddlandshylen*. *Haddlandshylen* er eit naturnamn som Kartverket er vedtaksmynde for, og dei må vente på kommunen sitt vedtak om grendenamnet fyrst då det vil bli førande for avleidde namn.

Det er òg viktig å hugse på at kommunen har eit eksisterande vegnamn *Haddlandsvegen*, og at vedtak om skrivemåten på grendenamnet er førande for vegnamnet. Dersom *Haddland* blir vedteke i tråd med Språkrådet og kommunedirektøren si tilråding er det ikkje behov for å endre denne.

## Vurdering

Kommunedirektøren syner til vedlegg frå Kartverket for dei vedtekne natur- og bruksnamna *Ævongsmyri* og *Ævongsli* som blir førande for skrivemåten av vegnamna *Ævongsmyri* og *Ævongsli*. Kommunedirektøren syner og til vedlegget frå Språkrådet for vurdering av skrivemåte av alle namna, både dei kommunen skal vedta og dei kartverket skal vedta. Her kan ein og sjå innkomne innspel til namnesaka.



Figur 3. Kartutsnitt med oversikt over namna som skal vedtakast.

Kartverket har vedteke naturnamnet *Ævongsmyri*. Kommunedirektøren legg dette til grunn for framlegg om endring av det eksisterande vegnamnet *Ævongsmyri* til *Ævongsmyri*.

Kartverket har vedteke bruksnamnet *Ævongsli* på eigedom 137/3. Kommunedirektøren legg dette til grunn for framlegg om vegnamn *Ævongsli*.

Kommunen skal vedta grendenamn, og kommunedirektøren har framlegg om skrivemåten *Haddland*, i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Dette er og i tråd med innkomne høyringssvar frå innbyggjarar og historielaget. Skrivemåten som blir vedteke av kommunen skal vera førande for skrivemåten som blir bruka i vegnamna *Haddlandsvegen* (allereie i bruk) og *Vesthaddin*. Kommunedirektøren har framlegg om nytt vegnamn: *Vesthaddin*.

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Jf. stadnamnlova § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje, Telemark § 2, vedtek Plan- og miljøutvalet grendenamnet *Haddland*, og vegnamna *Ævongsli*, *Ævongsmyri* og *Vesthaddin*.

Kommunen syter for oppsetting av vegnamnskilt. Kommunestyret har vedteke føresegner om oppsetting og kostnad for husnummerskilt. Kommunen kjøper inn husnummerskilt og sender dette ut til alle husstandar. Kvar huseigar må sjølv setje opp skiltet.

### **Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 65/2026 i møtet den 13.05.2026**

#### **Handsaming av saka**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Jf. stadnamnlova § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje, Telemark § 2, vedtek Plan- og miljøutvalet grendenamnet *Haddland*, og vegnamna *Ævongsli*, *Ævongsmyri* og *Vesthaddin*.

Kommunen syter for oppsetting av vegnamnskilt. Kommunestyret har vedteke føresegner om oppsetting og kostnad for husnummerskilt. Kommunen kjøper inn husnummerskilt og sender dette ut til alle husstandar. Kvar huseigar må sjølv setje opp skiltet.

---